

# Møtereferrat

**Møte:** Møte AU Nord  
**Tid/Sted:** Måndag 12.03.18 kl 15.30 – kl 19.45 på Radisson Blu Hotel i Bodø  
**Tilstede:** Svein Slåtsveen, Endre Østbø, Ragnhild Engan, Bjørn Arne Skoglund, Bente Børsheim, Merete Sund, Svein Inge Jakobsen og Arne Flatmo.  
**Forfall:** Birgitte Rørvik-Bruun og Fred Tore Fagereng  
**Kopi til:** Vara AU, leiargruppa region Nord og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger Molde 12.03.2018

Sak nr.	Emne	Ansvar
---------	------	--------

- |   |  |  |
|---|--|--|
| 1 | <b>Oppsummering frå kretsmøta, og saker for vidare oppfølging</b><br>Brit Kari orienterte. Oppfølgingsrapporten vart også gjennomgått. |  |
|---|--|--|

Spørsmål/kommentarar:

- Bør til neste år printe ut nokre eks av årsmeldinga og ha med på kretsmøta til utdeling ved etterspurnad.

**Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.**

- |   |  |  |
|---|--|--|
| 2 | <b>Førebuing av RU-møtet</b><br>Brit Kari gjekk gjennom køyreplanen. |  |
|---|--|--|

Spørsmål/kommentarar:

- I oppropet bør møtedeltakarane røyse seg, for å sjå kven dei er
- Når valkomitéen legg fram si innstilling, bør kandidatane røyse seg.

**Vedtak: AU tek køyreplanen til orientering.**

- |   |   |  |
|---|---|--|
| 3 | <b>Orientering om Nortura Tiltaksprogram</b><br>Svein og Endre har etterspurt meir informasjon om Nortura Tiltaksprogram og evt konsekvensar for region Nord. Merethe orienterte om rekneskapet og forbetningsprogrammet, og dei åtte prioriterte tiltaka. Vidare om sal av merkevarane i region Nord, samt produksjon. |  |
|---|---|--|

Spørsmål/kommentarar:

- Viktig at vi som eigarar får fram kostnadseffektivitet og miljøaspektet vedk transport, for mest mogeleg produksjon i region Nord basert på oppstraumen her. Må kunne serve kjedene via mellomlagerna deira i regionen.
- Er det kjedene som krev levering til sine sentrallager?
- AU bør sende spm til styret og konsernleiinga om dette, og vurdere å ta det opp i årsmøtet.
- Korleis kan vi utnytte oppstraumen av råvarer i region Nord på ein betre måte enn i dag?

Svein/  
Endre

**Vedtak: AU sender brev til styret.**

- |   |   |  |
|---|---|--|
| 4 | <b>Ny Giv i kretsarbeidet: Nye pilotområde</b><br>AU gjorde fylgjande vedtak i forrige møte:<br>AU vedtek at det vert jobba vidare med fylgjande pilotområde: <ul style="list-style-type: none"><li>• Kretsane 7 Tromsø/Karlsøy, 8 Lyngen og 10 Balsfjord/Storfjord.</li><li>• Kretsane 20 Midt-Salten, 21 Beiarn og 22 Svartisen</li></ul> Brit Kari kontaktar dei øvrige kretsleiarane til neste AU-møte. |  |
|---|---|--|

Brit Kari orienterte om status frå kontakten med kretsleiarane i kretsane 7 Tromsø/Karlsøy, 10 Balsfjord/Storfjord og 20 Midt-Salten. Alle var positive.

**AU vedtek fylgjande nye pilotområde:**

- **Kretsane 7 Tromsø/Karlsøy, 8 Lyngen og 10 Balsfjord/Storfjord.**
- **Kretsane 20 Midt-Salten, 21 Beiarn og 22 Svartisen**

---

**5 Rådgevingsarbeidet i region Nord**

Arne ynskjer innspel på fylgjande frå AU, jf til AU 19.12:

- Kva forventningar har eigarane til rådgevarkorpset?
- Kva oppgåver meiner AU bør prioriterast opp, og kva bør i så fall prioriterast ned?

Spørsmål/kommentarar:

- Må verte flinkare til å profilere rådgevingstenesta og medlemsfordelane
- Viktig med fortsatt fokus på nybrukarbesøk og oppfølging. Etablerte produsentar har større utbytte av fagmøter med spisskompetanse + fagleg/sosial diskusjon. Samarbeid med andre org vil også gje reduserte kostnader. Ynskjer meir av dette, heller trappe ned på rådgeving ellers. Utfordringa med fagmøter er at ein ikkje møter alle der.
- Nybrukaroppfølging viktig, stadig nokon som seier at dei ikkje har hatt besøk av Nortura.
- Ta gjerne betalt for rådgevingsbesøk, men ein del av besøka er pålagd, jf oppfølging av svineprodusentar.
- Kan rådgevingsbesøk knytt til økonomisk oppfølging belastast kredittavdelinga?
- Viktig å ha rådgjevarar som kan hjelpe produsentar med økonomisk oppfølging.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**6 Orientering om tilførselsarbeidet i Råvare og Medlem region Nord**

Svein Inge orienterte kort. Arne orienterte om dei nye storfekjøtprosjekta i Troms og Finnmark.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

**7 Førebuing av saker til årsmøtet 10. – 11. april**

Årsmøtestart 10.04 med lunsj kl 12. Møte før årsmøtet kl 10 – kl 12 ?

Innspel/kommentarar:

- Griseløftet og meirpris i marknaden?
- Utnyttinga av råvaretraumen i region Nord: Produksjon, foredling og distribusjon i nord
- Kva skjer med produktutvikling på sau/ung sau?
- Ynskjer eit tlf møte i AU før årsmøtet, inkl siste årsmøteutsending, for å samordne innspel frå talarstolen

**Vedtak: AU vedtek møte før årsmøtet kl 10 – kl 12, i tillegg til eit tlf møte i forkant for fordeling av saker.**

---

**8 Kurs i bruk av Skype**

Ein opplæringsvideo med gjennomgang av skypemøter og deling av skjerm er utsendt, og kan brukast til sjølvstudium.

---

**9 Oppsummering av fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukerlag**

Ragnhild deltok i årsmøtet i Troms Bondelag. Endre skal delta i Nordland Bondelag.

---

**10 Eventuelt**

- Ragnhild: Kvifor har Nortura kjøpt opp alle aksjane i Telespor, no når økonomien er dårleg og teknologien er på veg ut?
- Svar på mail frå Kristian Håvard Sævik 13.03: "Telenor ønsket å komme ut av

eierskapet, og tilbød aksjene til en svært gunstig pris. Nortura ønsket å sikre at selskapets virksomhet ble videreført, både av hensyn til de ca 30 tusen radiobjellene som alt var solgt, og med tanke på fremtidig utvikling av sporing for beitedyrnæringa. Om Nortura skal eie selskapet på sikt vil være et hensiktsmessighets spørsmål."